



Stendal WS As

Saksbehandlar, innvalstelefon

Stein Byrkjeland, 5557 2114

Løyve - Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde - 59/12 - G og B - utslepp fra minireanseanlegg

Vi viser til skriv av 7.12.2022 der det vert søkt om dispensasjon frå verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde for å etablere ny avløpsløyving for gnr/bnr 59/12 i Alver kommune. Søknaden er svært kortfatta og ikkje utan vidare lett å tolke, men vi forstår den slik at eksisterande avløpsleidning skal sanerast og at ny tilknytning til slamavskiljar som allereie finst skal vere godkjent. Søkjar meiner at denne løysinga er komplisert og søker i staden om utslepp frå minireinseanlegg, med tilhøyrande marginale utslepp til sjø.

Verneforskrifta

Lurefjorden og Lindåsosane er eit viktig marint verneområde og så langt det einaste verneområdet av denne typen i Vestland fylke. Det er ei viktig målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad. I dette tilfellet vil det meste av tiltaket liggje på land, i eit areal som ikkje er omfatta av verneforskrifta. Men minireinseanlegget må også knytast til ein avløpsleidning eit kort stykke ut i sjøen. Etablering av denne leidningen krev mellom anna dispensasjon frå forvaltingsstyresmakta, jf verneforskrifta § 5b.

Også sjølve utsleppet til sjø føreset normalt dispensasjon frå verneforskrifta. I dette tilfellet finst ingen dispensasjonsheimel i den aktuelle forskrifta, ein må då heimle vedtaket i naturmangfaldlova § 48. I nett denne saka er likevel utsleppet heilt marginalt og vil vere ei klår betring samanlikna med den løysinga eigedomen allereie har, så vi vel å handsame søknaden berre etter verneforskrifta § 5b.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Alle tiltak som vedrører natur skal vurderast opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova, §§ 8-12, også dispensasjonar frå verneforskrifter. I dette tilfellet vurderer vi påverknaden på det marine verneområdet å vere svært liten, truleg heller ei betring samanlikna med den løysinga som er på staden i dag. Vi har ikkje detaljkunnskap om naturmangfaldet i det konkrete tiltaksområdet, men er ikkje kjende med at det finst spesielt sårbare naturførekomstar her. Dessutan er det ein del bygningar på land i nærområdet, så det marine området er neppe heilt utan påverknad frå før. Vi vel



å sjå det slik at vi har tilstrekkeleg kunnskap om marine tilhøve i denne fjorden til å kunne avgjere saka, jf naturmangfaldlova § 8. Dermed er det mindre aktuelt å stille krav etter § 9.

Tiltaket er lite, og det gir mindre utslepp til det marine miljøet enn i dag. Dermed er det ikkje snakk om auka samla belastning (§ 10). §§ 11 og 12 er også innfridd, ettersom kostnadane vert dekt av tiltakshavar og teknikken er vurdert å vere miljøforsvarleg.

Vedtak

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter verneforskrifta § 5b og godkjenner søknaden. Føresetnaden er at tiltaket også er godkjent av kommunen etter forureiningsregelverket, og at det ikkje er i strid med gjeldande føringar etter plan- og bygningslova.

Vedtaket gjeld utelukkande etter verneforskrifta og vedrører ikkje eventuelle privatrettslege tilhøve.

Vi kjenner ikkje tilstanden til den eksisterande utsleppsleidninga som no vert avvikla. Dersom denne er slik at den kan takast opp og fjernast frå området utan nemneverdig skade på naturmiljøet, skal dette gjerast. Då må denne leidninga deponerast på godkjend stad.

Dette er eit einskildvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltingslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast om Statsforvaltaren i Vestland, og må vere sendt innan 3 veker etter at klagar er kjend med vedtaket.

Med helsing

Stein Byrkjeland

fagdirektør

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi: Alver kommune